

Austrheim kommune
Byggesak

F01

Eikangervåg, 24/11-2022

Følgerev / redegjørelse byggesøknad gbnr. 165/52 – Baløy

Tiltaket

Det vert søkt om oppføring av hytte som vist på vedlagte teikningar og situasjonsplan.

Eigedomen ligg på Baløy, det er i vedtak datert 21.03.2022 gitt løyve til frådelling med tenkt bruk som hyttetomt. Det vert no søkt om oppføring av hytte, plassering og hyttemodell er lik som i dispensasjonssøknaden. Som del av tiltaket skal avkjøring mot fylkesvegen opparbeidast i tråd med vedtak frå Vestland Fylkeskommune datert 27.06.2022. Tiltaket skal koplast til eksisterande private leidningar for vatn og avløp. Rettar for dette er på plass og tinglyst.

Søknaden omfattar opparbeiding av avkjørsle, påkobling til VA samt oppføring av sjølv hytta som vist på vedlagte teikningar.

Nabotilhøve / merknader

Tiltaket er nabovarsla etter reglane i plan- og bygningsloven §21-3.
Det er ikkje mottatt merknader i saka.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket er etter vår vurdering prosjektert og teikna med gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i forhold til sin funksjon. Tiltaket passar godt inn i omjevnen og har etter vår vurdering ei god utforming i forhold til både plassering, bygde og naturlege omjevnader.

Uttale frå anna styresmakt

Hjelmås VVS er ansvarleg rørleggjar, tiltaket skal koplast til privat vatn- og avløpsanlegg i tråd med inngått avtale. Kopi av avtalen føl byggesaka i vedlegg Q01.

Plassering

Plassering er vist i vedlagte situasjonsplan D01 med tilhøyrande terrengsnitt i D02.
Planering er lagt på kote +16,9 og topp møne ligg då på omlag +22m
Mønehøgda målt frå planert terreng er 5,1 meter.

Veg / Tilkomst / VA

Tilkomst via etablert veg ut på fylkesveg, løyve er vedlagt her som I02.
Vegrett samt tilkopling til VA er sikra som vist i vedlegg Q01.



Tiltaksklasse og ansvarsrettar

Etter vurdering av funksjonar og fagområde i tiltaket har ein lagt alt i tiltaksklasse 1. Ansvarsrettar er fordelt som vist i vedlagte gjennomføringsplan.

Oppsummering og vurdering

Det vert søkt om oppføring av hytte i tråd med tidlegare gitt dispensasjon for eigedomen. Eigedomen skal koplast til privat vatn og avløp i tråd med gitt rettighet. Tilkomst er sikra og oppgradering av avkjøring vert gjort i tråd med vedtak frå fylkeskommunen. Heile tiltaket er belagt med ansvarsrettar, alle i tiltaksklasse 1.

Tiltaket har etter vår vurdering gode visuelle kvalitetar og parkering samt VA er ivaretatt, vidare er det sett av tilstrekkeleg med uteareal på eigedomen. Vår vurdering er at tiltaket er i tråd med alle krav gitt i eller i medhald av plan og bygningsloven

Me vonar snarleg og positivt svar, skulle det vera behov for avklaringar er det velkomne til å ta kontakt på mail eller telefon.

Med vennleg helsing

Kålås Bygg AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Lars A. Hagesæter', is written over a light blue horizontal line.

Lars A. Hagesæter
Ansvarleg søkjar

